

FLYKTNINGKRISEN I EUROPA:

Europas ansvar

Sidene 2, 8-9, 18-20



**Bli
medlem
i Nei til EU!**

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN
OG POSTADRESSE> til
2090 (200,-)



UT AV EØS:

**Skriv under
mot EØS-
avtalen!**

Side 4-5

LANDSMØTE 2015:

**– Vi møtes i
vakre Svolver
13.-15. nov.**

Side 10

NY NETTRESSURS:

**EØS-saker fra
ditt fylke og
din kommune**

Side 14-15

Adjø solidaritet?

En flyktning er et dikt skrevet på fremmed pergament, leste jeg nylig. Så poetisk kan det skrives, mens vi ser grusomme øyeblikk, håpløshet og den største flyktningkrisen siden andre verdenskrig. Redningsmenn med spedbarn i armene spør seg hvordan foreldrene kan ta nyfødte på flukt over havet og svarer selv at alternativet er verre.

Hvordan skal Nei til EU forholde seg til flyktningkrisen? Nei til EU pekte i en uttalelse i september på at Norge også må se bort fra Dublinavtalens forpliktelser, og at FN måtte spille en større rolle når EU har spilt falitt. På Facebooksiden forlot flere gruppen vår fordi vi både skrev om og mente noe om dette. Det tåler vi.

Solidaritet har alltid vært et hedersord for Nei til EU, nedskrevet i bærebjelkene, og internasjonal solidaritet er igjen foreslått i arbeidsplanen.

Europa er ifølge generalsekretær Jan Egeland i Flyktninghjelpen det kontinentet med færrest flyktninger. Allikevel er antallet stort nok til å få det til å knirke både innad i Norge og i EU.

Fredsprisvinneren EU har ikke klart å håndtere krisen og er uenig med seg selv: Tyskland løste opp Dublin-forordningene, selve pilaren i EUs flyktningssystem, mens Ungarn bygde murer og brukte piggråd mot flyktninger i øst.

Angela Merkel tok tidlig ansvar og regi og åpnet Tyskland for et større antall enn det FNs høykommisær har bedt EU-landene til sammen om å fordele. Tyskland vil ta imot en halv million flyktninger flere år framover, også fordi de trenger arbeidskraft. Det tok lengre tid før Erna Solberg kom på banen og inviterte FN til å ha en giverrandskonferanse på norsk jord. Det skal regjeringen ha honnør for, Nei til EU støtter en giverrandskonferanse.


Kaoset langs Europas grenser hindrer foreløpig politiske løsninger, men de må komme. Krigene i Syria må stanses, penger må samles inn, og flyktninger må få nye hjem. Det finnes ikke enkle løsninger på flyktningkrisen som utspiller seg ved Europas grenser. EU har bygd opp en inhuman yttergrensekontroll gjennom Schengen som stenger desperate mennesker ute, ofte med fatale konsekvenser. EUs rigide og usolidariske flyktningssystem stenger de ytre grensene og skaper et indre

marked med fri flyt av arbeidskraft. Det er ikke bygd for å gi mennesker i nød human behandling eller håndtere store flyktningebevegelser. Vi trenger et velfungerende, rettferdig og mer solidarisk asylsystem, i overensstemmelse med menneskerettighetene og bygd på FNs flyktningkonvensjon.

Dette er en internasjonal krise, som krever samarbeid langt bredere enn EU for å finne løsninger og mobilisere midler for strakstiltak. Viktige parter er FN, Russland, Tyrkia og de berørte nordafrikanske landene. Norge må være med og ta initiativ til et slikt samarbeid. Nei til EU foreslo et toppmøte om flyktningesaken, der det er viktig at landene har nasjonal handlerett til å gjennomføre tiltak etterpå.

Vil «Adjø solidaritet» bli ettermæle for Europas behandling av denne flyktningkatastrofen? Nei, heldigvis ser vi solidaritet og dugnadsånd: Aksjonistene bak *Dråpen i havet*, som blant annet samler inn bæreseler. Vi ser dansker som viser et annet Danmark enn det flyktningene var redde for da de skrev «No Denmark» i togvindue. *Refugees welcome to Norway* er enkeltpersoner som startet å hjelpe helt konkret. Barn knuser sparebøsser, og vi sender penger til velkjente hjelpeorganisasjoner som driver profesjonelt arbeid.

Jeg er optimist på solidaritetens vegne, jeg sier velkommen til Norge



AV KATHRINE KLEVELAND

Leder i Nei til EU
kathrine.kleveland@neitileu.no

Tegning: Pål Hansen, alias UKRUT.no

til dem som ikke så noen annen mulighet! Som

organisasjon må vi være pådriver til at store spørsmål som krever store svar, både blir stilt og svart på. Derfor avslutter jeg med et dikt av Stein Mehren.

Store spørsmål

*De store spørsmål har ingen løsninger, har ingen svar
Store spørsmål er ikke til
for at vi skal besvare dem
Men for at vi skal leve dem*

*De største gåtene forblir
gåter. Og det er som gåter
de lar oss forstå vår plass
i verden, idet de ubønnhørlig
setter oss på plass i oss selv*

KONKURRANSEN PÅ EUS INDRE MARKED:

Rammer de sårbare hardest og lengst

Markedsliberalismen til EU kasta **europaisk arbeidsliv** ut i kaos lenge før finanskrisa slo til.

Gjennom EØS har Norge underkasta seg EUs regelverk for det såkalte «indre markedet», regelverket på markedene for varer, tjenester, kapital og arbeidskraft, for den frie etableringsretten og for konkurranselovgivningen.

Fra tidlig på 1980-tallet har EU sluppet løs konkurranse på stadig flere markeder, og dermed ikke bare konkurranse mellom bedrifter, men også mellom mennesker på jakt etter arbeid. Den dramatiske endringen kom da EU vedtok opplegget for «det indre markedet» i 1985. Dette liberaliseringsprosjektet på bortimot 300 lovendringer tok vekk det meste av den nasjonale styringa over nærings- og arbeidslivet i Vest-Europa og ble i det vesentlige gjennomført i løpet av seks-sju år.

Forskning i land etter land har vist at markedsliberalismen til EU fremmer privatisering, svekker standarder i arbeidslivet, øker sosiale forskjeller, utvikler nye former for fattigdom – og er spikra fast av en EU-traktat som bare kan endres hvis alle de 28 EU-regjeringene er enige om det. (Se for eksempel EUs nettsted eurofound.europa.eu og Euro-LOs etui.org.)

Fremmer privatisering: Det er ingen ting ved EUs regelverk som direkte påbyr at offentlig virksomhet skal privatiseres. Men friest mulig konkurranse på åpne markeder er et så gjennomtrengende EU-prinsipp at det i praksis fremmer privatisering.

Kapitalistisk organisert vareproduksjon stanger mot grenser der den store profitten blir stadig mer uvis. På ett felt fins det likevel markeder med garantert avsetning. Det er de formene for tjenesteyting der det offentlige har tatt ansvaret for å dekke nødvendige samfunnsbehov. Her er det trygg inntjening for privat kapital hvis tjenestene kan konkurranseutsettes.

Svekker standarder i arbeidslivet: Privatisering betyr flere utrygge jobber,



EUs indre marked. Politikerne i EU kan ikke tilby annet enn mer konkurranse om stadig mer usikre jobber. FOTO: JON WORTH (CC)



EU har sluppet løs konkurranse på stadig flere markeder. Ikke bare mellom bedrifter, men også mellom mennesker.

DAG SEIERSTAD

Standpunkt 4-2015

større lønnsforskjeller og fare for at fagbevegelsen splittes og svekkes. Det er konklusjonene i en serie undersøkelser om hvordan privatisering påvirker arbeidslivet i Vest-Europa.

I de nye, privatiserte selskapene ligger lønningene i mange land klart lavere enn i de gamle selskapene. Konkurransen tvinger mange arbeidsgivere til å satse på billigere og uorganisert arbeidskraft.

Øker sosiale forskjeller: I de fleste europeiske land avtok de sosiale forskjellene til inn på 1980-tallet. Etter at EU fra 1985 slapp konkurransen løs på det indre markedet, begynte de sosiale forskjellene å øke. En mengde forskningsrapporter dokumenterer at

liberalisering bidrar til å øke de sosiale forskjellene

I de fleste bransjene har liberalisering ført til at lønningene går ned blant dem som har dårligst lønn fra før. Virkningene er størst i de sektorene der konkurransen er skarp og der lønns-kostnadene veier tungt.

Utvikler nye former for fattigdom: En stadig mer gjennomgripende markedsliberalisme produserer sosiale påkjenninger som overbelaster velferdspolitikken i alle medlemsland. EAPN, (European anti-poverty network), paraplyorganisasjonen for dem som arbeider med fattigdomsspørsmål i Europa, har fastslått at EU «på mange måter øker fattigdommen og gjør livet hardere for de fattige».

Dette prega EU lenge før finanskrisa dramatiserte utviklingen fra høsten 2008. En fellesuttalelse i mars 2006 fra tre viktige deler av det organiserte Europa, fra Euro-LO, fra Social Platform som er en paraplyorganisasjon for organisasjoner innen sosialsektoren fra hele Europa, og fra EEB, som er en tilsvarende paraplyorganisasjon for europeiske miljøorganisasjoner, sa det slik:

«EUs medlemsland prøver i altfor mange tilfeller å underby hverandre med lavest mulig lønn, de mest fleksible arbeidsforhold, de svakeste arbeiderrettighetene, den laveste sosiale beskyttelsen og den laveste profittbeskatningen.» («Move up a gear for sustainable development», 6.3.2006)

Utfordringen for europeisk politikk er derfor formidabel: De regjeringene som vil gjøre noe med drivkreftene bak sosial ulikhet i Europa, må dempe konkurransen på det indre markedet.

Men liberaliseringskrava til EU har ryggdekning i de grunnleggende markedsfrihetene i EU-traktaten. Den traktaten kan bare endres hvis alle medlemsland, for tida 28, er enige om det. Det blir ingen enkel sak – hvis ikke EU synker ned i et sosialt kaos som tvinger fram grunnleggende endringer av hele EU-konstruksjonen.

Den liberaliseringstvingen som EU påtvinger oss, kan vi her i Norge slippe vekk fra ved å melde oss ut av EØS. Det kan et stortingsflertall sørge for med ett års varsel til EU.



AV DAG SEIERSTAD

Varamedlem til styret i Nei til EU
standpunkt@neitileu.no



1. Hans Olav Lahlum. FOTO: EIVIND FORMOE
2. Erling Borgen. FOTO: GGAADD
3. Amal Aden. FOTO: ASCHEHOUG
4. Nei til EU-staben feirar lanseringa med pælla i lunsjen. Kathrine Kleve-land og Tale Marte Dæhlen viser fram VG-oppslaget. FOTO: EIVIND FORMOE
5. Visittkorta som er laga til kampanjen. Kan bestillast gratis. FOTO: JARLE VINES
6. Egil «Drillo» Olsen. FOTO: JARLE VINES
7. Kathrine Kleve-land med Torbjør og Mari Katerås.
8. Lars Petter Bartnes.



9. Aasmund Nordstoga. FOTO: TROMS AP (CC)
10. Don Martin. FOTO: TROMS AP (CC)
11. Thorvald Steen. FOTO: PER MANING
12. Hanne Ørstavik. FOTO: LINDA ENGELBERTH
13. Gert Nygårdshaug. FOTO: BJØRN ERIK PEDERSEN
14. Ida Maria. FOTO: DALE HARVEY (CC)
15. Lotta Elstad.
16. Trond Nordby.
17. Kjartan Fløgstad.
18. Vigdis Hjorth.

EØS-OPPROP OG UNDERSKRIFTSKAMPANJE:

Tid for å samle underskrifter

I august lanserte Nei til EU EØS-opprop og underskriftskampanje. Ei rekke kjende personar har slutta seg til oppropet. No må organisasjonen ut og **samle underskrifter!**

Lanseringa var lagt til august for å gje organisasjonen høve til å bruke den auka politiske interessa i valkampen til å samle inn underskrifter. Nei til EU venta ikkje å setje dagsorden for valkampen med lanseringa, men er nøgde med responsen på lanseringa.

«Hva har tidligere landslagssjef Egil 'Drillo' Olsen, sjakkviter og skribent Hans Olav Lahlum, høyesterettsadvokat Harald Stabell, artistene Ida Maria og Don Martin, forfatterne Vigdis Hjorth, Amal Aden, Gert Nygårdshaug og Kjartan Fløgstad til felles?» spurde VG 11. august.

«De er blant undertegnerne av et

opprop mot EØS-avtalen som offentliggjøres i morgen.»

– Kampen mot EU dreide seg i stor grad om at vi måtte gi fra oss selvstyre og jeg mener vi også gjør det med EØS. Derfor er jeg mot EØS-avtalen. Jeg synes folk på venstresiden burde være forpliktet til å være mot både EU og EØS, sa Egil «Drillo» Olsen til avisa.

Nokre av dei andre underskrivarane er filmskapar Karoline Frogner, leiar i LO i Oslo, Roy Pedersen og partileiarane Trygve Slagsvold Vedum (Sp), Audun Lysbakken (SV) og Bjørnar Moxnes (Rødt), samt ei rekkje professorar.

I tillegg til heilsidesoppslag i VG starta lanseringa ein avisdebatt der både tilhengjarar og motstandarar av EØS-avtalen hadde mange innlegg.

Jobb nummer ein for Nei til EU

– Å melde Noreg ut av EØS og erstatte EØS-avtalen med ein meir demokratisk, fornya handelsavtale, er jobb nummer ein for Nei til EU, seier Kathrine Kleve-land, leiar i Nei til EU.

– Det norske folket har sagt nei til EU-medlemskap i folkerøysting to gongar, og i over ti år har det vore eit solid fleirtal mot norsk medlemskap på målingar. I dag er det mogleg for oss å styre vår eigen utanrikspolitikk, valuta- og pengepolitikk, fiskeri- og landbrukspolitikk. Ein EU-medlemskap ville gjort dette umogleg.

– Norsk EU-tilpassing held likevel fram for fullt gjennom EØS-avtalen. Sidan 1994 har EØS vore i stadig forandring. Kvart år blir fleire hundre EU-reglar og direktiv tekne inn i norsk lov. Noreg forhandla fram ein vetorett, men ulike regjeringar let vere å bruke den. Dette undergrev det nasjonale folkestyret vårt, og omsynet til miljø og solidaritet, seier ho.

Første test på Arendalsuka


Rett etter lanseringa av underskriftskampanjen kom den årlege Arendalsuka. Nei til EU deltok som vanleg med stand og aktivitetar under heile veka. Stemninga var god, og Kathrine Kleve-land melde om eit mottakeleg

OPPROP:
UT AV EØS!



AV SINDRE
HUMBERSET

sindre.humberset@
neitileu.no

**Nettips**

- Skriv under her: Utaveos.org
- Sjå kjendisunderskriftene her: neitileu.no/aktuelt/nytt_fra_nei_til_eu/lansering_av_ut_av_eoes_opprop

er!

publikum.

– Det er viktig å vere til stades midt i den politiske debatten, sa Kathrine Kleveland.

Ho heldt også appell og oppmoda deltakarane på Arendalsuka til skrive under mot EØS.

– Mange ville diskutere EØS. Standen til Nei til EU var flott tilrettelagd av regionssekretær John Øyslebø, og fylkes- og lokallag stilte med mange aktivistar på stand. Vi samla mange underskrifter og hadde gode diskusjonar, sa Kleveland, som også la til at dei hadde fått mykje fint vær.

– Nei til EU ber alle medlemmer og sympatisørar signere oppropet som krev at EØS-avtalen vert sagt opp og erstatta av ein tosiktig og jambyrdig handelsavtale, sa Kathrine Kleveland i appellen sin.

– Det er klart at Noreg, EUs femte største handelspartner, kan forhandle fram ein ny handelsavtale med EU. Noreg har allereie ein eigen frihandelsavtale med EU. Tollfridomen for industrivarer mellom Noreg og EU er

**Bestill kampanjemateriell!**

- Strandflagg
- Strandflagg «Nei til EU»
- Roll-up
- Plakat 50x70
- Visittkort

Tips for innsamling av underskrifter

- Stå på stand.
- Samle inn underskrifter dør til dør.
- Legg ut underskriftslistar og visittkort på offentleg stad.
- Gje kommunestyremedlemmer og listekandidatar frå nei-partia ei utfordring.
- Send utfordring om å skrive under til kontaktar på sosiale media, e-post, SMS.

ivareteken av frihandelsavtalen som regulerte handelen før EØS, og som framleis gjeld.

Skriv under mot EØS!

Oppslutninga om underskriftskampanjen har til no vore bra, med knapt 8000 underskrifter i skrivande stund. Men det betyr også at berre ein av tre medlemmer i Nei til EU har skrive under sjølv så langt.

– Potensialet er langt større, og vi må ha veldig mange fleire underskrifter for å kunne bruke underskriftskampanjen politisk. Vi reknar med at mange sit med lister dei ikkje har fått lagt inn på utaveos.org enno. Dess før de registrerer namna, dess betre, seier Kathrine Kleveland.

Det er laga nytt materiell til underskriftskampanjen, og både strandflagg, roll-up, plakat og visittkort er tilgjengeleg for bestilling. De kan også laste ned plakatanne frå nettsidene for utskrift, og det er lagt ut underskriftslistar for nedlasting. Dermed skulle det ikkje stå på materiellet for å kunne

synleggjere kampanjen.

Ein viktig del av underskriftskampanjen føregår også på nett, både på underskriftssida utaveos.org, på nettsidene neitileu.no, og på sosiale media som Facebook og Twitter.

Mange fylkeslag og lokallag er alle-reie godt i gang, medan andre framleis ligg i startgropa.

– Det er viktig at alle laga no legg planar for innsamling av underskrifter i sitt område. Innsamlinga kan gjerast gjennom standsaktivitet, dør til dør-verving eller utlegging av underskriftslistar på offentlege stadar. Men også gjennom å bruke egne nettverk på sosiale media, utsending av e-postar eller SMS-ar til kjenningar. Ein kan også utfordre dei som har stått på lister for nei-partia til å skrive under. Då sender ein dei ganske enkelt lenka utaveos.org, seier Kleveland.

– Men aller først kan ein jo sørge for å skrive under sjølv, avsluttar ho.



FOLKERØYSTING 3. DESEMBER:

– Eit ja vil svekke folkestyret

– Folkestyret vil bli kraftig svekt ved eit ja, og EU vil få overstatleg makt over justispolitikken, seier **Lave Broch** i Folkebevægelsen mod EU.

Han er kampanjekoordinator for Folkebevægelsen mod EU, som er søsterorganisasjonen til Nei til EU. Han er også første vara til EU-parlamentet for Folkebevægelsen mod EU. Det danske justisunntaket fekk Danmark etter at danskane røysta nei til Maastricht-traktaten i 1992. Rettsunntaket medfører at Danmark kan delta i mellomstatleg justissamarbeid, men ikkje kan underleggast EUs overstatlege justispolitikk.

– Eit fleirtal i Folketinget vil avskaffe det danske justisunntaket i EU og få Danmark med i delar av EUs overstatlege justispolitikk, seier Broch.

Eit ja vil føre til at EU får overstatleg makt i Danmark over strafferett, overvaking og registrering av borgarane, utlevering av borgarar til andre land, samt terrorlovene. I mellomstatleg samarbeid har Danmark vetorett, men i overstatleg politikk er det fleirtalet i EU som avgjer.

– Kva kan konsekvensane bli dersom det blir ja i folkerøystinga 3. desember?

– Den viktigaste konsekvensen er at folkestyret vil verte svekt ved eit ja.



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitleu.no



Vinnarlaget. Kvart år spelar Folkebevægelsen mod EU fotballkamp mot Europabevægelsen på Folkenummer to frå høgre i bakre rad.

Danmark blir underlagt EUs overstatleg makt innanfor justispolitikken, der EU-kommisjonen har monopol på å fremje lovframlegg.

Danmark har under to prosent av røystene i EU-parlamentet og berre 1,1 prosent av røystene i EUs ministerråd.

– Folketinget kan heller ikkje ta tilbake eit område dersom det først er gjeve til EU. Det fører til at framtidige folketing vil vere bundne av EU-lover frå tidlegare. Sjølv om alle 179 medlemmer av Folketinget vil at Danmark skal ta eit område tilbake frå EU, så kan det berre skje dersom vi melder oss ut av EU.

Ingen angrerett

– Eit ja fører til at alle Schengen-lover vil verte overstatlege for Danmark, og politisk vil eit ja føre til at dei EU-positive partia vil arbeide for å avskaffe dei andre danske unntaka i EU. Allereie no er det snakk om at dei vil gå etter det danske forsvarsunntaket. Og eit ja vil føre til at Danmark i større grad gir seg inn i utviklinga av ein reell EU-stat – Europas sameinte statar.

– Dersom det blir ja, kjem det ikkje

fleire folkerøystingar om justispolitikken i EU. Folket har ingen angrerett, med mindre vi melder oss ut, seier Lave Broch.

Debatt om Europa

Med Lisboa-traktaten vart det avgjort at justispolitikken og politisamarbeidet i EU skal vere overstatleg. Dermed vert EUs politiorganisasjon Europol ein overstatleg institusjon. Når det skjer må Danmark på grunn av justisunntaket gå av Europol.

– EU-tilhengarane brukar dette som eit hovudargument for ei folkerøysting. Dei hevdar at det vil bli vanskelegare å kjempe mot kriminalitet dersom Danmark går ut av Europol, seier Broch.

– Men i staden kan Danmark og EU inngå ein mellomstatleg avtale om samarbeid mot grenseoverskridande kriminalitet. Europol har i dag avtaler med 18 land, mellom andre Noreg, Island og Sveits.

– På ei rekke andre område kan det også vere interessant med samarbeidsavtaler. Men Danmark kan også velje å gå andre vegar enn EU, til dømes for å forsvare rettstryggleiken.



Ødet på Bornholm i juni. Folkebevægelsen vann 3-0! På t-skjortene står det «Bevar rettsforbeholdet». Lagkaptein Lave Broch er
FOTO: FOLKEBEVÆGELSEN MOD EU

Tverrpolitisk kampanje

Folkebevægelsen mod EU er ein tverrpolitisk organisasjon, som Nei til EU, men samarbeider med nei-partia.

– I Folkebevægelsen mod EU køyrer vi vår eiga kampanje, som er tverrpolitisk og bygger på det antirasistiske grunnlaget vårt. Men vi har inngått eit teknisk samarbeid med de tre nei-partia i Folketinget: Enhedslisten (som er medlemsorganisasjon i Folkebevægelsen mod EU), Liberal Alliance og Dansk Folkeparti. Samarbeidet inneber mellom anna at vi alle kjempar for openheit og demokrati omkring EUs justispolitikk, og at vi ønskjer å finne ei løysing med Europol etter eit dansk nei.

– På nei-sida finn vi denne gongen også Konservativ Ungdom, og fleire av dei andre ja-partia har mindretal som kjempar for eit nei, seier Broch.

Nei til EU stør kampanjen

Lave Broch fortel at Folkebevægelsen mod EU er i gang med å bygge opp ein landsdekkjande kampanje.

– Den kjem mellom anna til å inkludere ei utdelingsavis i eit større



■ Slik kan du støtte kampanjen!

■ Det enkelte medlem i Nei til EU kan støtte kampanjen på mange måtar:

- 1) Gje eit bidrag til kontonummer: Iban DK319860000-0025100 og BIC FOSPDK21
- 2) Reise til Danmark før folkerøysinga og hjelpe til fysisk.
- 3) Skrive debattinnlegg til danske media til dømes om korleis Noreg kan samarbeide med EU i kampen mod grenseoverskridande kriminalitet sjølv om Noreg ikkje er med i EU.
- 4) Snakke med danske venner om kvifor det er viktig med eit nei
- 5) Lik www.facebook.com/FolkebevægelsenModEU

opplag, ein eller to kampanjebilar som skal køyre landet rundt, ei kampanje på Facebook og internett, mellom anna med Youtube-videoar, avisannonser i utvalde aviser, landsdekkjande plakattopphenging, hendingar, debattmøter og pressearbeid. Vi vil starte med eit budsjett på om lag 600 000 kroner, og deretter vil vi utvide i takt med at vi får samla pengar inn.

– Vi har tidlegare fått støtte frå Nei til EU, og vi vonar difor at de har høve til å støtte oss igjen. Folkebevægelsen mod EU vil vere takksame for økonomisk støtte uansett storleik, og vi vonar også at vi kan ha eit tett politisk samarbeid i kampanjen, då det norske forholdet til EU på justisområdet kjem til å spele ei stor rolle i den danske debatten, seier Lave Broch.

Nei til EU-leiar Kathrine Kleveland tek utfordringa:

– Arbeidsutvalet i Nei til EU vedtok den 11. august å støtte kampanjen med 10 000 kroner. Vi oppmodar alle våre fylkes- og lokallag til å bidra i den viktige kampanjen Folkebevægelsen no skal inn i, seier ho.



Landbruksseminar

■ Landbrukspolitisk nettverk i Nei til EU inviterer til seminar 23. oktober 10-16 med tema: «Korleis påverkar EØS og TTIP norsk landbruk og næringsmiddelindustri?» Seminaret avholdes på P-Hotels i Grensen 19, Oslo, som ikke er så langt fra Oslo S.

Ny knallmåling

■ 71, 2 prosent, sju av ti seier nei til medlemskap i Den europeiske union i Nationen og Klassekampens måling i juni. No har det vore nei-fleirtal på alle målingar om EU-spørsmålet i over ti år.

– Det er igjen solide tal som vitnar om at nordmenn er klare på sitt EU-standpunkt, sa leiar i Nei til EU, Kathrine Kleveland, til Nationen.



Hva mener MDG om EU og EØS?

■ Nei til EU utfordrer Miljøpartiet De Grønne på å ta et klart standpunkt til EU og EØS.

– Gratulerer med et fantastisk valgresultat til MDG, sier Kathrine Kleveland. – Ifølge Nei til EUs partigjennomgang for valget 2013 hadde MDG ikke tatt stilling til EU-medlemskap, EØS eller handelsavtale.

EØS-underskrifter på messa «Naturligvis»

■ Nei til EU hadde stand på messa «Naturligvis» i august. Langt over hundre underskrifter kom inn på underskriftslista mot EØS som lå ute på standen og, flere fikk hjelp til å registrere sin underskrift på <http://utaveos.org/>



FLYKTNINGKRISEN I EUROPA:

Europas ansvarsfra

Flyktningkrisen i Europa er meget alvorlig. Mens menneskeliv går tapt, sitter den politiske eliten rundt forhandlingsbordet og kommer ikke til enighet, skriver **Åsa Kjerstine Moen**.

«Jeg roper i mørket – å, kunde du høre!
Der er en eneste ting å gjøre:
Verg dig, mens du har frie hender!
Frels dine barn! Europa brenner!»

Arnulf Øverlands *Du må ikke sove* er et dikt som da det ble skrevet, handlet om Hitlers fryktelige handlinger i Europa, men har blitt et tidløst symbol i kampen mot urettferdighet. Igjen, mens flyktningkrisen vokser i Europa, viser diktet sin aktualitet. Heldigvis sitter vi ikke trygt i hjemmene våre og synes synd på flyktningene, vi viser vilje til å hjelpe, vi nekter å tåle den urett som ikke rammer oss selv.



**AV ÅSA
KJERSTINE MOEN**
Leder i Ungdom
mot EU

Schengen-avtalens Dublin-forordninger skulle forbedre europeisk asylpolitikk, gjøre oss bedre egnet til å ta imot flyktninger og sørge for rettferdig behandling av asylsøknader. Det siste årets flyktningkriser viser at avtalen ikke fungerer, og at det heller har resultert i en systematisk ansvarsfraskrivelse fra verdens tryggeste land.

Ansvarsfordelingen svikter

Schengen-området ansvarsfordeling innebærer at asylsøkere som er registrert i store mottaksland, som Italia og Hellas, skal fordeles i andre europeiske land for å få sin asylsøknad behandlet. Denne fordelingen skjer på bakgrunn

av en fordelingsnøkkel som tar hensyn til blant annet innbyggertall, arbeidsledighet og allerede mottatte flyktninger.

På ministermøtet i Brussel 14. september ble Schengen-landene enige om å begynne fordelingen av 40 000 flyktninger fra Italia og Hellas. Dette hadde de forhandlet seg fram til allerede i juli, men likevel ikke fulgt opp. Det store stridsspørsmålet er om mottakelse av flyktninger skal være obligatorisk eller frivillig, og de store skillelinjene går fortsatt mellom øst og vest. Disse skillelinjene er først og fremst politiske, mens folkevilljen er tilsynelatende annerledes.

Folk vil hjelpe

Over hele Europa viser befolkningen åpenhet og vilje til å ta imot flyktningene. Vi har sett internett flyte over av bilder og videoklipp av jublende mennesker på togstasjoner som tar



skrivelse

imot mennesker på flukt. De møtes av forståelse og omtanke, og givergleden blant folk er stor. Offentlige, så vel som private mottak og frivillig drevne initiativ tar imot folks donasjoner av klær, såpe, mat og hva det måtte være. Europeere flest vil flyktninger vel.

I Norge ser vi en aksjon hvor både mer og mindre profilerte mennesker åpner hjemmene sine og tilbyr seg å huse en familie hvis det trengs. Dessverre later ikke EU til å være på bølgelengde med folkeviljen.

Flyktningkrisen i Europa er meget alvorlig. Mens menneskeliv går tapt, sitter den politiske eliten rundt forhandlingsbordet og kommer ikke til enighet. Ungarn setter opp store piggetrådgerder for å stoppe tilstrømmningen av flyktninger i mangel på bedre tiltak. Dersom Europa ikke finner en løsning på problemet, vil vi kunne få en tilspisset situasjon hvor menneskers frustra-



1. Syriske flyktninger i Ungarn i september 2015. FOTO: REBECCA HARMS (CC)

2. Flyktninger overnatter på Keleti-jernbanestasjonen i Budapest. FOTO: REBECCA HARMS (CC)

3. Syriske flyktninger blir stoppet på grensa til Makedonia i august 2015. FOTO: DEN ØSTERRIKSKE REGJERINGEN (CC)

4. Over hele Europa samler folket seg i solidaritet med flyktningene. FOTO: FREEDOM HOUSE (CC)

5. Syriske flyktningebarn i en leir i Jordan. FOTO: RUSSEL WATKINS, DEPT. FOR INTERNATIONAL DEVELOPMENT (CC)

sjon over manglende løsninger fører til oppblomstring av høyreekstreme bevegelser, som igjen vil gjøre håndteringen av situasjonen desto vanskeligere.

Utfordringer i kø

Det er klart det er vanskelig å skulle ta imot så mange mennesker som vi nå kan vente oss. Utfordringene står i kø, og man mangler både husly, mat, klær og sysselsettingstiltak. Det er ingen som sier at det er enkelt.

Europa befinner seg i en økonomisk og sosial krise. Spesielt i land som Hellas og Italia blir derfor flyktningssituasjonen ekstra krevende. Dette gjør det bare viktigere at Schengen-landene står samlet for å fordele ansvaret seg imellom. Dessverre stopper den sterkt etterlengtede handlingen ved forhandlingsbordet.

Det er på høy tid å gjøre noe.

Humanitær hjelp og apparater for å ta imot flyktningene må settes i stand umiddelbart. Til syvende og sist så har de fleste EU-landene mer å stille opp med enn det folk flykter fra. Timevis i forhandlingsrom hvor ingen blir enige om det skal være obligatorisk å hjelpe eller ikke, blir ganske enkelt for dumt.

Vi burde være stolte over at flyktningene ønsker å komme hit, at det er hos oss de søker hjelp. Vi må gi dem all varmen vi kan, og bevise at menneskerettigheter og medmenneskelighet står sterkt forankret i det lille kontinentet vårt. Folket har talt, nå venter kun den politiske viljen.



Utsikta frå landsmøtehotellet! Landsmøtet 2015 skal føregå i svært flotte omgjevnadar. Men blir landsmøtet som det pleier, så vil det meste nok skje inne i landsmøtesalen. Landsmøteutsendingane skal likevel få sjansen til å nyte naturen i løpet av helga.

FOTO: VINCENT VAN ZEIJST (CC)

KLAR TIL ARBEIDSPLANDEBATT PÅ LANDSMØTET:

– Vi sjåast i Svolveær

– Det er viktig å bygge vidare på EØS-oppropa, seier **Ådne Naper**, leiar i arbeidsplannemnda. 13.–15. november er det landsmøte i Lofoten.

Det er ein viktig verdi for organisasjonen å bruke heile landet. Difor er det Lofoten og Svolveær sin tur å ha landsmøte i år. Landsmøtet blir på Thon Hotel Lofoten, på kaikanten i Svolveær hamn. Hurtigruta legg til like ved, og det er god utsyn over Vestfjorden og flotte, spisse fjell.

Som vanleg er arbeidsplanen ei av dei viktigaste sakene på landsmøtet. Standpunkt har snakka med nestleiar Ådne Naper, som leiar arbeidsplannemnda i år.

Vil bygge EØS-satsinga vidare

I juli sende arbeidsplannemnda ut eit første framlegg til arbeidsplan, og organisasjonen fekk frist til 10. september med å kome med innspel.

– Kva er nytt i framlegget til arbeids-


plan for 2015-2016?

– Vi forsøker å lage ein meir konsis arbeidsplan for 2015 og 2016, som er ein klarare arbeidsinstruks for styret og organisasjonen. Vi vil også føreslå ein ny struktur, som har som mål å leggje til rette for ei oppdeling i eit prinsippprogram og eit arbeidsprogram i framtida, seier Naper.

Mange organisasjonar opererer med ei slik deling. Prinsippprogrammet er meir varig, medan arbeidsprogrammet er fokusert på konkrete oppgåver og vert laga nytt for kvar periode.

– I 2015 har EØS-kampanjen starta, med underskriftskampanje som eitt element. Korleis vidarefører arbeidsplanframlegget EØS-kampanjen?

– EØS vil framleis vere eit prioritert satsingsområde i denne arbeidsplanen. No er det viktig å bygge vidare på



Ådne Naper

EØS-oppropa, seier han.

I vår lanserte Nei til EU det faglege oppropet, og i august vart det folkelege oppropet med underskriftskampanjen lansert.

– Korleis vi konkret vil føreslå å gjere dette står att å sjå. Vi ventar konkrete framlegg frå fylka på dette, ut frå kapasitet og interesse, seier han.

Meir realisme


– Arbeidsplanframlegget ser ut til å legge seg på eit meir nøkternt og realistisk nivå enn vi kanskje har sett nokre gongar før. Har de hatt mykje fokus på slike spørsmål?

– Ja, og det tek eg som et kompliment. Det har vore mykje diskusjon om struktur og formål i arbeidsplanen. Denne diskusjonen kjem nok til å halde fram til vedtaket er gjort på landsmøtet. Personleg meiner eg at ei liste over prioriterte område nettopp må vere der fordi dei områda skal prioriterast i arbeidet, og ikkje berre verte nemnde eller lista opp som formalitetar. Dessutan risikerer vi å



AV SINDRE HUMBERSET

sindre.humberset@neitileu.no



– Vi forsøker å lage ein meir konsis arbeidsplan for 2015 og 2016, som er ein klarare arbeidsinstruks for styret og organisasjonen.

ÅDNE NAPER

Leiar i arbeidsplannemnda i Nei til EU

trivialisere arbeidsplanen som verkty om den er for omfattande.

– Kva utfordringar ser du for å lukkast med måla i arbeidsplanen?

– Hovudutfordringa for ein så stor og omfattande meningsberande organisasjon som Nei til EU er å samle oss om prioriterte oppgåver, og gjennomføre desse frå månad til månad, år til år – om det så er ute i

lokallaga eller AU sentralt. Men då må det vere kontinuitet i mål, tiltak og kapasitet i alle organisasjonsledda, seier Naper.

– Kva tiltak foreslår arbeidsplannemnda for å møte dei utfordringane?

– Det får vi meisle ut basert på innspel frå organisasjonen.

Naper fortel vidare at det har vore overraskande lite usemje i arbeidsplannemnda.

– Kva er prosessen vidare?

– No skal vi arbeide med innspela frå organisasjonen og revidere utkastet basert på desse og på dei eigne erfaringane til medlemene av arbeidsplannemnda. Deretter legg vi fram eit nytt framlegg for rådsmøtet før vedtak på landsmøtet.

– Har du nokre spesielle ønske for landsmøtet?

– Eg håpar å få sjå litt av Svolvær, skal eg vere ærleg, ler Naper.

– For at det blir konstruktive og gode politiske diskusjonar, tek eg for gitt, avsluttar han.



Nye og gamle tilsette. Jan Steinholt, generalsekretær Hilde Nylén og Per Kristian Dotterud. FOTO: KATHRINE KLEVELAND

Fylkeslaga samla i Oslo

Nei til EU arrangerte laurdag 19. september fylkesleiersamling der alle fylka var representerte. Den nye generalsekretæren Hilde Loftesnes Nylén presenterte seg sjølv no som alle fylkeslaga fekk fyrste sjansen til å møte ho. Roy Pedersen, leiar i LO Oslo, innleidde om sosial dumping under EØS-avtala. Nei til EU vil gjennomføre ei spørjeundersøking om EØS-syn i løpet av hausten – for å sjå utviklinga i høve til tidlegare målingar. Jan Steinholt, nyttilsett organisasjonskonsulent i Nei til EU, innleidde om studiearbeid og kva moglegheiter Nei til EU har for å få studietilskot.

Norge rundt med EØS

OPP-LAND:

Turbusserne truet

■ I løpet av ti år har Jotunheimen og Valdresru-ten bilselskap redusert fra 25 turbusser i drift til bare 5–6. Utenlandske busser har overtatt. Gjennom EØS må Norge godta kabotasje fra EU- og EØS-land.

Matimport fra EU svekker landbruket

■ EØS-avtalens gjelder i utgangspunktet ikke landbruksvarer. Men kvotene på handel fra EU til Norge er økt flere ganger, og importen av landbruksvarer har steget kraftig siden EØS-avtalen ble inngått. I 2015 forhandler Norge og EU igjen om denne handelen.

TELE-MARK:

Satsing på treverk ulovlig ifølge ESA

■ Wood Polymer Technologies (nå: Kebony) i Skien fikk støtte for å styrke skogbruket og treverk som anvendelig materiale. ESA fant ut at støtten var i EØS-stridig etter en klage fra betongindustrien.

Anbudsrush i kollektivtrafikken

■ EUs kollektivforordning krever anbudskonkurranse om det aller meste av busstransporten. Anbudskravet har møtt motstand fra både fagforbund og folkevalgte.

HED-MARK:

EØS koster sparebanken dyrt

Tolga Os sparebank merker konsekvensene av EUs tredje postdirektiv og av bortfallet av differensiert arbeidsgiveravgift. Tolga Os sparebank anslår den årlige ekstrakostnaden til å være en halv million kroner.

Løsning for Rena Karton ble stanset av ESA

■ Rena Karton i Åmot kommune ble nedlagt i 1998. ESA mente en driftsløsning for fabrikkens inneholdt ulovlig statsstøtte. Kort tid etter ble bedriften med 210 arbeidsplasser begjært konkurs.

OSLO:

Støtte til X Games kan være ulovlig

■ Oslo kommunes tilskudd på 42 millioner til X Games i 2016 kan være EØS-stridig. I så fall må tilskuddet tilbakebetales. Dette skaper en usikkerhet rundt X Games.

Forbud mot kjønnskvote- ring på universitetene

■ I 2001 øremerket Universitetet i Oslo noen vitenskapelige stillinger til kvinner. I 2003 fastslo EFTA-domstolen at tiltaket var ulovlig.

AKERS-HUS:

Kjører ulovlig uten straff

■ Jessheim trafikkstasjon har anmeldt nesten 40 tilfeller av ulovlig kabotasje, men få straffes. Slik transport er i utgangspunktet ulovlig, men det er gjort unntak på grunn av EØS.

Sykehusapotekene må lønne seg

■ Mange sykehusapotek selger også til vanlige kunder. ESA mener det er en rolleblanding som er EØS-stridig.

VEST-FOLD:

Sandefjord Fotball granskes av ESA

■ ESA mener overføringen av to tomter fra Sandefjord kommune til fotballklubben Sandefjord ikke er i tråd med EØS-avtalen.

ESA til sak mot Color Line og Sandefjord kommune

■ ESA mener havneavtalen for ferjeruten Sandefjord–Strömstad, kan være i strid med EØS-avtalens konkurranse- og særeierregler.

ØST-FOLD:

Sosial dumping knekker transportnæringen

■ Nesten hver fjerde utenlandsk langtransportsjåfør tjener 8500 kroner eller mindre i måneden før skatt.

Regelhyshy-teri fra EU

■ Tre kjøttforretninger i Østfold ble i 2011 møtt med nye, uforståelige krav fra EU. ESA krevde separate heiser, nye typer lager og en hel del annet.

BUSKE-RUD:

EØS og havneblokkade i Drammen

■ Det danske spedisjonsfirmaet Holship nekter å inngå tariffavtale med havnearbeiderne i Drammen havn. Transportarbeiderforbundet har svart med blokade. I september konkluderte ESA med at EØS ikke tillater slike aksjoner.

MØRE OG ROMSDAL:

Pårørende måtte vente på svar

■ To sønner måtte kjempe mot EØS-regler for å få vite hva som skjedde da faren omkom på sjøen. Etter at farens sjark ble funnet, tok det seks uker før den ble hevet. Hveingen ville koste mer enn 500 000 kroner og måtte derfor ut på anbud i EU.

ESA stanser gründerstøtte til kvinner

■ I 2008 la regjeringen fram en plan for å få flere kvinnelige gründere. ESA mente en støtteordning for små nyetablerte bedrifter var forskjellsbehandling i strid med EØS.

HORDA-LAND:

Må ha atskilte skole-regnskap

■ Bergen Maritime skole tilbyr sikkerhetsopplæring i arbeidslivet. ESA mener det er EØS-stridig. Skolene får en konkurransefordel, og dette er ulovlig offentlig støtte.

Forsinkelse for barne- og ungdoms-sykehuset

■ Haukeland sykehus i Bergen bygger et nytt barne- og ungdomssykehus. Arbeidet er blitt forsinket, og EØS-avtalens anbudregler skaper enda større forsinkelser.

ROGA-LAND:

Krav om norsk base ble fjernet

■ På grunn av EØS ble kravet om at oljevirk-somhet på norsk sokkel skal ledes fra eller ha base i Norge, fjernet.

Norske humler trues av EØS-humler

■ Tomatdyrkerne i Rogaland har tidligere brukt norske humler til pollinering, men de utenlandske humlene er litt billigere, noe som truer de ville humlene. EØS-avtalen åpner for humleimport.

VEST-AGDER:

Skattesmell for kulturhus

■ ESA krever at Stavanger og Kristiansand kommune tilbakebetaler moms-kompensasjon på henholdsvis 256 og 294 millioner kroner for utbygging og drift av sine kulturhus.

AUST-AGDER:

ESA krevde vannscootere på vannet

■ Norge hadde i utgangspunktet forbud mot vannscootere av hensyn til sikkerhet og bade- og friluftsliv, men det ble avvirket etter pålegg fra ESA.

Mye mer matsminke

■ Tilsetningsstoffer som hadde vært forbudt i Norge, ble tillatt igjen på grunn av matsminkedirektivene.

I samband med kommune- og fylkestingsvalget laget Nei til EU en **database over lokale konsekvenser** av EØS-avtalen. Her er noen av dem.

Databasen «Norge rundt med EØS» inneholder mer enn femti eksempler på hvordan EØS griper inn i det

lokale selvstyret og folks hverdag. Her finner du alt fra differensiert arbeidsgiveravgift, som rammer de fleste fylker, til ESAs innblanding i et turisttog i Østfold. Eksempelene er ordnet fylke for fylke.

De mange eksemplene illustrerer det reduserte handlerommet som lokalpolitikkerne må leve med så lenge Norge har EØS-avtalen. Nei til EU mener databasen understreker behovet for å erstatte EØS-avtalen med en mer demokratisk og mindre byråkratisk avtale.

Les eksemplene og bruk dem

■ Nå kan du sjekke selv hvordan EØS-avtalen påvirker ditt fylke. Bruk gjerne eksemplene i det lokale arbeidet mot EØS-avtalen og for en mer demokratisk avtale.
http://www.nei-tileu.no/eoes_fylkesbank

FINN-MARK:

Problemer for Finnmarkshallen

■ Fylkeskommunen mente leieavtalen og investeringstilskuddet var konkurransevridende og EØS-stridig. Det er finnes ikke private konkurrenter til den planlagte Finnmarkshallen i mange mils omkrets fra Alta.

Forbyr fiskerne å sløye fisken

■ Et EU-direktiv forbyr å oppbevare sløyd, hodekappet fisk i vann og is før fisken leveres på land. Dette Norges Kystfiskarlag meget kritiske til.

ESA krevde penger tilbake fra Hurtigruten

■ ESA fastslo at store deler av en ekstrabevilgning fra staten til Hurtigruten på 181 millioner kroner i 2008 var i strid med EØS-avtalen og krevde at Hurtigruten betalte pengene tilbake.

TROMS:

ESA stanset miljøstøtte til Finnfjord AS

■ Finnfjord AS i Lenvik produserer ferrosilicium. I april bestemte ESA at et tilskudd på 16 millioner kroner fra Innovasjon Norge for å dekke økte kostnader for energigjenvinning var EØS-stridig.

Differensiert arbeidsgiveravgift

■ Bedrifter i distriktene betaler mindre arbeidsgiveravgift. Finnmark og Nord-Troms har nullsats. ESA endret retningslinjene i 2014, noe som berører 40 000 arbeidsplasser.

NORD-TRØNDELAG:

ESA refset treningssenter

■ Kippermoen treningssenter er en del av det kommunalt eide idrettssenteret i Mosjøen i Vefsn kommune. I 2013 konkluderte ESA med at finansieringen av Kippermoen treningssenter er EØS-stridig. Konkurransen på «treningssentermarkedet» innen EØS påvirkes av den kommunale støtten.

Rapporteringskrav for små banker

■ EUs krav til rapportering er laget for multinasjonale banker. Det skaper problemer for små, solide banker, som Lofoten Sparebank, som står i fare for å rapportere seg i hjel.

NORD-TRØNDELAG:

Rammer de ideelle organisasjonene

■ Nye EØS-regler om offentlige anskaffelser sender helse, sosial, utdanning og kultur på anbud. Rostad ungdomsheim på Inderøy kan bli nedlagt på grunn av konkurransen med private.

Import av kugalskap

■ I januar ble fire gårder i Trøndelag og Oppland satt i karantene på grunn av mistanke om kugalskap. En ku i Nord Trøndelag var smittet av kugalskap. Kua skal ha vært kjøpt i Sverige. EØS-avtalen åpner for import av levende dyr.

SØR-TRØNDELAG:

Trondheim måtte kjempe for Analyse-senteret

■ Analyse-senteret er kommunens laboratorium for å ta prøver av vann, mat, luft og miljø. Senteret utfører tjenester også for andre kommuner og private. ESA mener senteret ikke kan selge tjenester til andre så lenge det er offentlig eid.

Tapte millioner og arbeidsplasser for Røros Metall

■ I 2013 fikk Røros Metall forbud mot å selge kjølehjørner fordi de ikke oppfylte kravene i EUs økodesigndirektiv. I 2015 fikk Røros Metall medhold i at kjølehjørnet var laget for institusjoner, og dermed utenfor EU-direktivet.



Les Standpunkt før alle andre!

■ No kan du spare miljøet medan du les Standpunkt. Nei til EU vil no tilby Standpunkt, Vett og andre publikasjoner som elektroniske abonnement.
■ I staden for å få Standpunkt og Vett pakka i plast i postkassa, kan du no få avisa tilsendt til e-postadressa di, slik at du kan lese den på lesebrettet eller datamaskina di.

Standpunkt som e-avis

■ Her kan du teste e-avisa: <http://www.neitileu.no/kunnskapsbank/publikasjoner/standpunkt>
http://issuu.com/nei_til_eu
■ Vil du registrere deg som e-avisabonnent? Send ei melding til: medlem@neitileu.no



Aktivisten

Standpunkt vil bli bedre kjent med aktivister og tillitsvalgte i organisasjonen.



Navn?

■ Magnar Nomedal

Bosted?

■ Mandal

Alder?

■ 49 år

Verv i Nei til EU?

■ Medlem i fylkestyret og lokallagsleder i Mandal, samt i år medlem av arbeidsplan-komiteen.

Yrke?

■ Bygningsarbeider/entreprenør

Når og hvorfor meldte du deg inn?

■ Har vært medlem siden før 1994 og meldte meg inn fordi virkelighetsoppfatninga til nei-folket var mye mer troverdig enn hos ja-folket.

Hva er den største utfordringen for Nei til EU nå?

■ Å få partiene på Stortinget og fagbevegelsen til å diskutere på en grundig og kunnskapsbasert måte vårt største ønske for framtidens Norge: å erstatte EØS-avtalen med en handelsavtale!

Hvordan kan Nei til EU nå bredere ut?

■ Mulig at BITS/TISA/TTIP kan få oss i allianse med flere. Nye medier må vi også være med på, og kunnskap og seriositet er fortsatt nøkkelen til mye.

Eksempel på vellykket Nei til EU-arbeid?

■ Det å være på stands for å vise at våre saker er så viktige at vi aldri gir oss. Interne samlinger og politiske verksted er også helt nødvendig for å følge med i de utallige problemstillinger EU/EØS/ESA pådrar oss.

PUBLIKASJONER FRA NEI TIL EU

Hvor går EU? – 225 kr (medlemspris)



Eurokrisen har spisset motsetningene i EU. Får vi Euroens forente stater eller kan utviklingen snus til et nasjonenes Europa? Nei til EUs årbok 2014 beskriver utviklingstrekkene og konfliktlinjene i EU og går inn i debatten om alternativene til dagens union. 128 sider.

I tjeneste for samfunn eller selskap? – 60 kr



Trade in Services Agreement – TISA – er avtalen om tjenestehandel som EU, USA, Norge og tyve andre land forhandler om. Målet for TISA er full liberalisering av tjenester, der utenlandske selskaper får rett til å operere på det norske markedet på lik linje med nasjonale selskaper. Nei til EUs skriftserie VETT nr. 3 2015 er 48 sider i farger.

